



MELAND KOMMUNE  
SAGSTAD SKULE  
5918 FREKHAUG  
TLF.: 56 17 13 00

**Til  
Medlemmene i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet  
på Sagstad skule.**

Frekhaug 23.01.2014

**INNKALLING TIL MØTE Onsdag 29.01.2014 kl. 18.00 – 20.00**

**Møte i skulemiljøutvalet 29.01.2014 kl. 18.00-19.00 på personalrommet.**

Saksliste

- 1/14 Godkjenning av innkalling og saksliste.
- 2/14 Godkjenning av referat frå 3.13.2013
- 3/14 Hærverk på toalett – kva gjer vi vidare?
- 4/14 Arbeidet med Zero på skulen, kvar står vi- vegen vidare
- 5/14 Trafikktryggleik Sagstad skule. Korleis får vi endringane av trafikkaksjonen til FAU til å vare? Sjå vedlagt brosjyre.

**Møte i Samarbeidsutvalet 29.01.2014 kl. 19.00- 20.00 personalrommet.**

Sakliste:

- 1/14 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 2/14 Godkjenning av referat frå 3.13.2013
- 3/14 Leirskule – sjå vedlegg til saka.
- 4/14 Orientering frå rektor
  - ◆ Økonomi
  - ◆ Nasjonale prøvar
- 5/14 Nasjonale prøvar – skulen er ikkje nøgd med resultata. Korleis kan vi endre dette?

Før møtet i Samarbeidsutvalet vert det halde møte i Skulemiljøutvalet ved skulen. Samarbeidsutvalet fungerer som Skulemiljøutval på skulen. Samarbeidsutvalet vert utvida med ein foreldrerepresentant og ein elevrepresentant til skulemiljøutvalsmøtet.

Ved eventuelle forfall må vara møte.

Vel møtt.

Med venleg helsing  
Magne Lædre  
-rektor-

Vedlegg til sak 3/14 i SU møte.

Sagstad skule har i dag ingen avtale med leirskule for dei neste åra. Skulen har i mange år vore i Dyrkolbotn. Avtalen med dei har gått ut og skulen ønskjer no å fornye seg i forhold til stad.

Ei av vurderingane som må gjerast er om ein skal tenke litt annleis i forhold til tidspunkt. Turen har i mange år lagt om hausten i 7. klasse. Som rektor kunne eg tenkt meg at elevene fekk oppleve vinter. Det er det så som så med på våre kantar.

Vi står igjen med nokre alternativ:

Hardangertun:

<http://www.hardangertun.no/54-leirskule>

Skulen var på Hardangertun for to år sidan. Både elevar og lærarar var godt nøgd med det. Då vert tidspunktet haust 7. trinn eller vår 6. trinn.

Fagerli:

<http://www.fagerli.no/>

Her er det mogleg med vinterleirskule, samt vår og haust.

Brennabu i Valdres:

<http://www.brennabu.no/leirskole.aspx>

Tilbyr ulike program heile året.

Dyrkolbotn leirskule:

<http://www.dyrkolbotn.com/>

Tilbyr både vinter og barmarksprogram.

Rektor ønskjer at SU skal gje råd i denne saka.

## Levering av born med bil om morgonen:

### Køyremønster:

- a. Du må køyre rundt "buss-rundkøyringa" ved skulen når skal sleppe av borna dine. Ikkje stopp andre stader.

### Forbikøyring forbode:

- b. Still deg i kø og vent til du kjem fram i køen før du slepp av dine born. Ikkje køyr forbi andre bilar medan du står i kø og ventar, det skapar utrygge situasjonar for elevar som går på vegen, då vegen er smal og uoversiktleg med alle bilane og borna som går der.

### Avstigning:

- c. Slepp borna ut av bilen så raskt som mogleg for å unngå at dei bak deg må venta for lenge.

### Parkering:

- d. Dersom du treng meir tid til levering av borna dine, og vil følgja dei opp til skulen, parker på andre sida av vegen på parkeringsplassen og følg borna derifrå.



Ikkje stopp  
eller parker  
slik !



Inga  
forbikøyring!

## Henting av born:

- 1) Same regler som for levering.
- 2) Buss-rundkøyringa er kun for av og påstigning, ikkje parkering.
- 3) Dersom du skal gå opp og hente borna, parker på andre sida av vegen, på parkeringsplassen.



*Brosjyra er utvikla av FAU ved Sagstad Skule. Alle bilete er illustrasjonsfoto. Ta kontakt med din FAU representant om du har spørsmål angående innhaldet.*

## FORELDREAKSJON FOR TRYGGARE SKULEVEG Sagstad Skule



Reglar for levering og henting av born med bil på skulen